

Forskrift om opning av fiske etter anadrome laksefisk i vassdrag i Hordaland

Med heimel i Lov av 15. mai 1992 nr. 47 om laksefisk og innlandsfisk m.m. § 33, jfr. kgl. res. av 27.11.92 om opning av fisket etter anadrome laksefisk og delegeringsforskrift fra Miljøverndepartementet av 24. februar 1993 har fylkesmannen i Hordaland 15. februar 2008 fastsett følgjande forskrift om opningstider for fiske etter anadrome laksefisk i vassdrag:

§ 1.

Det er tillete å fiske anadrome laksefisk i følgjande vassdrag innafør dei oppgjevne datoane:

Kommune	Vassdrag	Laks	Sjøaure
Bergen	Storelva i Arna	01.07 - 15.09	01.07 - 15.09
Eidfjord	Eio	Forbode*	01.07 - 15.09
	Eidfjordvatnet	Forbode*	15.07 - 15.09
	Veig	Forbode*	15.07 - 15.09
	Simo	15.07 - 15.09	15.07 - 15.09
Etne	Etnevassdraget, utenom Sørrelva	01.06 - 10.09**	01.06 - 10.09**
	Sørrelva	01.06 - 31.08**	01.06 - 31.08**
	Fjæraelva	15.07 - 15.09	15.07 - 15.09
	Mosneselva	01.07 - 15.09	01.07 - 15.09
Fitjar	Kjærelva inkl. Storavatnet	01.07 - 15.09	01.07 - 15.09
Fusa	Hopselva	15.07 - 15.09	15.07 - 15.09
Granvin	Granvinsvassdraget	Forbode*	15.06 - 15.09
Jondal	Jondalselva	Forbode*	15.07 - 15.09
Kvam	Steinsdalselva og Movatnet	Forbode*	15.06 - 15.09
	Fosselva	Forbode*	15.07 - 15.09
	Øysteseelva	Forbode*	15.07 - 31.08
Kvinnherad	Bondhuselva	15.06 - 15.09	15.06 - 15.09
	Blåelva	15.07 - 15.09	15.07 - 15.09
	Guddalselv	01.07 - 15.09	01.07 - 15.09
	Omvikelva	15.07 - 15.09	15.07 - 15.09
	Rosendalselvane	Forbode*	01.07 - 15.09
	Uskedalselva	15.06 - 15.09	15.06 - 15.09
	Æneselva	15.06 - 15.09	15.06 - 15.09

* Fiske etter oppdrettslaks og regnbogeaure tillete i fisketida for sjøaure etter nærare reglar utarbeidd av fiskerettshavarane.

** Rettighetshavarane har innført døgkvotar på fangsten

Kommune	Vassdrag	Laks	Sjøaure
Lindås	Storelva på Natås	15.06 - 15.09	15.06 – 15.09
	Romarheimselva	01.07 – 15.09	01.07 – 15.09
Masfjorden	Andvikvassdraget	15.07 - 15.09	15.07 - 15.09
	Frøysetelva	15.06 – 15.09	15.06 - 15.09
	Hopevassdraget	15.07 - 15.09	15.07 - 15.09
	Matreelva	15.07 - 15.09	15.07 - 15.09
Modalen	Modalselva	15.07 - 15.09	15.07 - 15.09
Odda	Opo	Forbode*	01.07 – 31.08
Os	Lønningdalselva	01.08 - 15.09	01.08 - 15.09
Os og Bergen	Osvassdraget	01.06 - 15.09**	01.06 - 15.09
Osterøy	Loneelva	15.06 - 15.09	15.06 - 15.09
Stord	Ådlandsvassdraget	01.07 – 30.09	01.07 – 30.09
Ullensvang	Kinso opp til nedkant av Hølen	Forbode*	15.07 - 15.09
Vaksdal	Daleelva	01.07 - 15.09	01.07 - 30.09*
	Ekso	Forbode*	01.07 - 15.09
Voss	Vosso, offentlege rettar ovanfor Vangsvatnet	Forbode*	01.07 - 31.08
	Vosso (Bulken-Evanger)	Forbode*	01.07 - 31.08
	Teigdalselva	Forbode*	01.07 - 15.09
	Bolstadelva	Forbode*	01.07 - 31.08

* Fiske etter oppdrettslaks og regnbøgeaure tillete i fisketida for sjøaure etter nærare reglar utarbeidd av fiskerettshavarane

** Rettighetshavarane har innført døgnkvotar på fangsten

§ 2.

I følgjande vassdrag eller vassdragsdeler der det går anadrom fisk er det ikkje tillete å fiske:

- Bjoreio i Eidfjordvassdraget
- Kinso i Ullensvang frå og med utløpet av Hølen og oppover så langt laks kan vandre
- Tyssevassdraget i Samnanger
- Ikkje offentlege rettar i Vosso ovanfor Vangsvatnet

I Vangsvatnet og Evangervatnet på Voss er det berre tillete å fiske innlandsfisk

§ 3

Ved følgjande elveosser eller liknande vert det tillete å fiske etter laksefisk heile året:

- Hopsfossen i Nordåsvatnet i Bergen
- Utløpet frå kraftverket i Sima i Eidfjord
- Langfossen i Åkrafjorden i Etne
- Utløpet av Henangervassdraget i Sævareid i Fusa
- Utløpet av Skjelbreidvassdraget i Eikelandsosen i Fusa
- Utløpskanalen frå kraftverket i Austrepollen i Kvinnherad
- Utløpet frå kraftverket i Matre i Kvinnherad
- Furubergfossen i Maurangerfjorden i Kvinnherad
- Utløpet frå kraftverket i Matre i Masfjorden
- Utløpet frå kraftverket i Fotlandsvåg i Osterøy
- Utløpet fra BKK sitt kraftverk i Ulvik
- Utløpet frå Fossmark kraftverk i Vaksdal

§ 4.

I dei vassdrag som fører anadrome laksefisk, men som ikkje er nemnde i § 1, 2 eller 3, er fiske tillete frå og med 01.07 til og med 15.09.

§5

Fiske etter sjørøye er tillete i dei same periodane som etter sjøaure. Regnbogeaure er ikkje freda, men det er likevel ikkje tillete å fiske etter denne arten i lakse- eller sjøaureelver utanom dei fastsette fisketidene. Det er ikkje tillete å fiske etter ål med fastståande redskap i elver med anadrom laksefisk.

§ 6

Fylkesmannen i Hordaland kan i serlege tilfelle gje dispensasjon frå paragrafane i denne forskrift.

§7

Fiske utanom dei fastsette fisketider er straffbart, jfr. Lov om laksefisk og innlandsfisk m.v. av 15.mai 1992 nr. 47, § 49.

§ 8

Forskrifta vert sett i verk frå 15. februar 2008. Samstundes vert forskrift av 15. februar 2003 om opning av fiske etter anadrome laksefisk i vassdrag i Hordaland oppheva.